



Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
- 7. 04. 2017	
Ark. saksnr. 15/879	Løpenr.
Saksnr.	Tilgangskode

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/581 - 17/6905

Saksbehandlar:  
Alexander Helle  
alexander.helle@meland.kommune.no

05.04.2017

## Offentleg ettersyn, utviding av plangrense og revisjon av planprogram

Kommunestyret i Meland vedtok i møte 15.10.2014, sak KS-59/2014, oppstart av ein offentleg områdeplan for Midtmarka og Rotemyra på Flatøy. Til vedtaket er det knytt eit planprogram som gjer greie for planformål, prosess, medverknad, konsekvensutgreiingar med meir.

Føresetnadane for planarbeidet har endra seg undervegs i prosessen. I møte 29.03.17, sak FS-38/2017, slutta difor Formannskapet i Meland seg til framlegg om utviding av plangrensa og revisjon av planprogram for områderegulering med konsekvensutgreiing av Midtmarka og Rotemyra på Flatøy i Meland kommune. Framlegget til endring av plangrense og planprogram vert no sendt til offentleg ettersyn for innspel frå offentlege etatar og aktuelle partar.


### Utviding av plangrense

#### **Område A:**

I vedteke planprogram er det lagt opp til at hovudtilkomst til planområdet skal skje via regulering av eit toplanskryss på E39. I samband med Statens vegvesen sitt arbeid med kommunedelplan for E39 Flatøy – Eikefettunnelen har føresetnadene for dette krysset blitt endra, og vegvesenet tilrår no at ein i staden vert regulert ny veg til Midtmarka frå dagens kryss sør på Flatøy. Denne vegen kan fungera som tilkomstveg for fyrste byggetrinn i Midtmarka og i framtida inngå i eit samanhengande lokalvegnett for Flatøy.

#### **Område B:**

I planarbeidet vert det arbeida med ny turveg gjennom Midtmarka til Håøya. Framlegget til utvidinga av plangrensa i nord er for å sikra samankopling til eksisterande turveggar på Håøya, samt å kunne leggje til rette for friluftsliv i Eidavika.



Kartet til venstre synar gjeldande plangrense (blått) og framlegg til utviding (raudt). Utvidinga gjeld to område, her kalla område A (kartutsnitt over til høgre) og område B). Formåla for utvidinga er som følgjer:

#### **Revisjon av planprogram og konsekvensutgreiing**

I samband med endring av plangrensa må planprogrammet endrast på enkelte punkt. Det vert også nye krav til konsekvensutgreiing. Det er utarbeida eit notat med framlegg til endringar.

Plandokument og vedtak ligg på kommunens i heimeside [www.meland.kommune.no](http://www.meland.kommune.no) under *høyringar og offentleg ettersyn* (sjå meny til høgre på startside), og til gjennomsyn i resepsjonen på rådhuset.

#### **Informasjonsmøte Onsdag 19.04.17 kl. 19:00**

Meland kommune inviterer grunneigarar og naboar til informasjonsmøte i formannskapssalen på rådhuset. Til møtet kjem ordførar, representant frå kommunen si planavdeling og utbyggjar sine konsulentar.

#### **Offentleg ettersyn**

Merknader til planforslaget må vera framsett skriftleg innan merknadsfristen. For å kome med merknad kan ein enten nytte kommunen sitt elektroniske høyringsskjema som ligg under høyringar og offentleg ettersyn på heimesida, sende e-post til [postmottak@meland.kommune.no](mailto:postmottak@meland.kommune.no), eller sende brev til Meland kommune, Postboks 79, 5906 Frekhaug. Merknaden stillast til planavdelinga.

**Frist for å sende inn merknad er 24.05.2017.**

Med helsing

Alexander Helle  
arkitekt - arealplanleggjar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



Side 3

15/581 - 59

